

**AVTALE
MELLOM
HYTTEEIGARAR I TYINKRYSSET REPRESENTERT VED TYINKRYSSET VEL,
SJÅ VEDLAGDE LISTE, HERETTER KALLA A
OG
OLA GRIHAMAR, GNR. 4, BNR. 16,
HELGE HERMUNDSTAD, GNR. 5, BNR. 3,
AUD SYNNØVE KVALE, GNR. 5, BNR. 4,
STEINAR GRØV, GNR. 7, BNR. 1,
KNUT VIDAR SVANHELD OG GUNN TOVE NYHEIM, GNR. 7, BNR. 2, og
KIRSTEN HERMUNDSTAD TOMTER, GNR. 7, BNR. 8 og 9,
ALLE I VANG KOMMUNE
HERETTER KALLA B**

I høve av:

- a) at det i tida 1974-1989 er slutta festekontraktar mellom den einskilde festar og ein eller fleire av grunneigarane. Ved "overenskomst" av 11.02.1974 mellom Vesleåne grunneigarlag og AS Andstor & Co vart deira forhold regulert.

Etter avtale med grunneigarane stod Andstor AS for opparbeiding av feltet, m.a. reguleringsarbeid og opparbeiding av infrastruktur, men fleire av vegane eksisterte alt før Andstor AS slutta avtale med Vesleåne grunneigarlag.

Festarane hadde eigen "kjøpekontrakt" / avtale med Andstor AS for m.a. grunnlagsinvesteringar.

- b) at A representert gjennom styret i Tyinkrysset Vel i ettertid i hovudsak har stått for vedlikehaldet av alle vegar i området, jf. deira plikt etter festekontraktane.
- c) at B har nytta vegane i hytteområdet i si tradisjonelle landbruksdrift, jf. òg pkt. 4 i festekontraktar, og avtalen med Andstor AS.
- d) at B ynskjer å byggja ut området i samsvar med reguleringsplanen for Andstorfeltet vedteken av Vang kommune 22.04.2004.

er partane samde om fylgjande:

KV

IAK

1. Partsforhold – geografisk avgrensing

Vesleåne grunneigarlag skal handle i samsvar med avtalen gjennom selskapet GGH AS.

Avtalen gjeld området som er omfatta av reguleringsplanen for Andstorfeltet vedteken 22.04.2004. Avtalen grip ikkje inn i vegrettane til Bøastølen og Grøvtølen sameige. Dette forholdet skal avtalast mellom rettshavarane og vegstyret.

2. Vass- og kloakkleidningar – ansvar

B vil gjennom GGH AS opparbeida vass- og kloakkleidningar i området. Leidningen kan leggjast i vegkropp der dette er tenleg. Etter graving skal vegen setjast i same stand som før og med nytt toppdekke av grus.

B skal ved anlegg av VA nett ta omsyn til eksisterande brunnar. A skal innan 1. mai 2006 oversenda til B kart der brunnane er innteikna.

A overtek Vesleåne grunneigarlag sitt tappepunkt vederlagsfritt og skal sjølv drifte dette for ettertid mot at B vert ansvarsfri for eventuell skade på eksisterande brunnar.

3. Vegbygging

B vil opparbeida ny veg og opprusta veg fram til områda A, UH 2 og UH 1, og ta kostnaden med dette – i samsvar med den til einkvar tid gjeldande reguleringsplan.

Det er føresett at vegane vert vinterbrøytt til områda A, UH 1 / UH 2, og Bøastølsvegen med forlenging fram til noverande kraftlinjetrase ved nyregulerte hytter.

Eventuelle nye vegar skal byggjast slik at det vert teke mest mogeleg omsyn til skiløyper og terreng, jf. den til ei kvar tid gjeldande reguleringsplan.

A har ikkje merknader til at vegen frå A feltet mot Bøastølsvegen vert flytta opp mellom nye hyttetomter og forlenga rundt eksisterande felt. Eventuell stikkveg frå Bøastølsvegen mot vest skal avsluttast før noverande hyttetomter, dvs. tomt nr. 11.

Om reguleringsplanen vert endra slik at Øvre veg berre kryssar skiløyper på eitt punkt kan vegen bli vinterbrøytt fram til heistraseen.

4. Vederlag

For hyttetomtene B til no har selt/bortfesta i "gamlefeltet" skal det betalast til A innan 30.08.2006 kr 50.000,- som refusjon for vedlikehald B har hatt i samband med utbygging av desse tomtene.

leus
GGH

For nye hytteareal som er med i nogjeldande reguleringsplan, inkludert UH 1/ UH 2 som B sel/festar skal det til veglaget som vert oppretta betalast ein startsum på kr.150.000. Kr 50.000,- skal betalast innan 01.10.06, og kr 100.000,- innan 01.10.07.

5. Veglag

Vegane i området som dekkjer denne avtalen skal for framtida styrast av eit veglag. Vedtekter for laget er vedlegg til denne avtale.

Veglaget skal leiast av eit styre på 2 medlemmer, der kvar part vel kvar sin medlem.

Hytteeigarar i feltet pr. 01.01.2005 skal ikkje krevjast for kostnader med nybygging av vegar, eller opprusting av vegar, som bygging av nye hytter i feltet gjer naudsynt.

Ved sal/feste av tomter pliktar B i kjøpekontrakt / festeavtale å ta med vilkår om at tomtekjøpar / festar skal vera framtidig pliktig medlem i veglaget – og betala for årleg vedlikehald.

Veglaget skal ut over det som er fastsett i avtalen her styrast i samsvar med reglane om private vegar i veglova av 21.6. 1963, kap VII.

6. Jordskiftesak

Sak 3/2005 for Valdres jordskifterett vert trekt. Partane sender felles prosesskriv til retten med felles påstand, og kvar part betalar sine sakskostnader.

7. Disponering av festegrunn

Festarane kan bygge på festetomta i tråd reguleringsføresegnene, jf. utnyttingsgraden og inntil to bygg. Grunneigarlaget er ikkje part i eventuelle tvistar i samband med gjennomføring av dette og kan ikkje verte økonomisk ansvarleg.

8. Parkering

Eksisterande parkeringsplass ved brua med 120 plassar for hyttene for gamle Andstorfeltet byggjer på avtale av 27.10.1988 mellom Andstor AS og Steinar Grøv. I den grad B har, eller kan ha innverknad på forholdet, skal dei medverka til at parkeringsplassane som fylgjer av festekontraktane blir avgrensa mot eventuelt nye tilstøytande parkeringsplassar.

KOS
KAC

Grunneigarar:

Ope 10/3-06

Stad / dato

4 / 16

gnr. / bnr.

Ope 10/3-06

Stad / dato

5-3

gnr. / bnr.

Ope 13/3-06

Stad / dato

5-4

gnr. / bnr.

Grav 10/3-06

Stad / dato

7-1

gnr. / bnr.

Ope 09.03.2006

Stad / dato

7/2

gnr. / bnr.

Ving. 12.03.2006

Stad / dato

7/8-9

gnr. / bnr.

Ola Grihamar

Ola Grihamar

22074

personnummer (11 siffer)

Helge Hermundstad

Helge Hermundstad

050247

personnummer (11 siffer)

Aud Synnøve Kvale

Aud Synnøve Kvale

021254

personnummer (11 siffer)

Steinar Grøv

Steinar Grøv

080444

personnummer (11 siffer)

Knut Vidar Svanheld

Knut Vidar Svanheld

230371

personnummer (11 siffer) OG

Gunn Tove Nyheim

Gunn Tove Nyheim

280273

personnummer (11 siffer)

Kirsten Hermundstad Tomter

Kirsten Hermundstad Tomter

301261

personnummer (11 siffer)

KAK

For Styret i Tyinkrysset Vel

Ardalstangen 3/3-06

Stad / dato

gnr. / bnr.

Knut Arne Klingenberg
Knut Arne Klingenberg

Knut Arne Klingenberg

26.04.57.

personnummer (11 siffer)

AG 20.02.06.

Vedtekter for vegane i ANDSTORFELTET

§ 1. VEGEN

Veglaget omfattar området frå og med brua og sørover i Andstorfeltet. Unntatt er Bøastølvegen samt Kongevegen. Vedlikehaldet på det området som blir nytta av brukarane er omfatta av avtalen.

§ 2. FORMÅL OG ANSVAR

Veglaget har til formål å halde vedlike og sørgje for tilstrekkeleg vegstandard på vegen - om nødvendig ved opprusting/omlegging. Vegen skal på tidsmessig måte tene jord-, skog-, stols-, utmarks- og fritidshusinteressene innanfor dekningsområdet til vegen. Vegen eller deler av den, skal i vintersesongen brøytast fram til dei eigedomar som ønskjer det, jf. § 11, pkt. 1.2.

§ 3. BRUKSFORDELINGEN

Partane er enige i at eigarspørsmålet ikke er løst, men for å få til ei teneleg bruk, er følgende avtala. Ved evt. nedlegging av veg, har ikkje hytteeigarane nokon rett til grunn.

Gnr./bnr.	pr. 2. mars 2005.	Partar
	Vesleåne grunneigarlag ved grunneigarpartene	
1.	Steinar Grøv	7/1
2.	Ola Grihamar	4/16
3.	Helge Hermundstad	5/3
4.	Kirsten Hermundstad Tomter	7/8 og 9
5.	Knut Vidar Svanheld/ Gunn Tove Nyheim	7/2
6.	Aud Kvale	5/4

representerer 1 del

og hytteeigarane

representerer 1 del

forvaltar vegen med 1/2 part kvar.

Dersom Vesleåne Grunneigarlag får seinare fortettingstomtar, har dei rett til å utstyre desse med vegrett i området. Dette gjeld og til området syd for Andstorfeltet. Ein jobbar for at tilkomsten går i utkanten av Andstorfeltet/ på ein veg som i hovudsak har samme trasse som den Bøstølsvegen i dag har. Tilsvarende gjeld for Grøvestølsvegen, men den skal ikkje bli åpen for gjennomkjøyring. Løysningen om Bøstølsvegen forutset at kommunen godkjenner reguleringsendring.

205

Som nye medeigarar kan etter søknad takast opp andre eigedomar i området og andre som veglaget er interesserte i å ha med.

§ 4. BRUKARAR AV VEGEN.

Ved innbetaling av årsavgift får hytteeigarane/-brukarane bruksrett til vegen for seg og sine husstandsmedlemer for det året årsavgifta gjeld. Bruksretten gjeld og ved framleige.

1. Differensiering av årsavgift for brukarane.

Det skal vera eigne regnskap for sommarhalvåret og vinterhalvåret.

2. Sommerhalvåret;

a. festarane av tomt/brukseining i Andstorfeltet skal svare lik avgift.

b. festarane av hytteeigedom eller stølshusvære som nyttar vegen lenger innover enn Andstorfeltet skal svare lik avgift, jfr punkt a.

c. For grunneigarane sine rettar gjeld festekontraktene og "overenskomst" med Andstor A/S.

d. Avgift for andre brukarar av vegen vert fastsett av årsmøtet.

3. Differensiering av årsavgift for dei eigedomar som brukar vegen i både sommar- og i vinterhalvåret:

Det skal betalast årsavgift som fastsett i punkt 2 ovanfor. I tillegg skal det betalast brøyteavgift etter same fordeling som framgår av pkt. a under pkt. 2 ovanfor, men slik at forelingsnøkkelen blir i h.h.t. kor mange som ynskjer brøyting.

Brukarane må rette seg etter vedtektene og vegstyrets vedtak om bruken av vegen.

§ 5. ARBEIDSÅR OG FORPLIKTELSE

Rekneskaps- og arbeidsåret fylgjer kalenderåret. Laget blir forplikta av leiaren saman med kasseraren.

§ 6. ÅRSMØTE

1. Konstituering

Årsmøtet er laget si øvste myndigheit.

Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. mai kvart år.

Dei 2 grupperingane, jfr § 3 har møterett og stemmerett med 1/2 del i årsmøtet.

Årsmøtet blir kalla inn av leiaren.

Innkallinga skal skje skriftleg med minst to vekers varsel. Sakslista skal stå i innkallinga.

Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga.

Saker som ein vil ha behandla på årsmøtet, må vera innkomne til styret innan 1. april.

2. Fleirtalsvedtak

Det enkelte vedtak på årsmøte blir gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte som har stemmerett.

Ved avstemming og personval har kvar gruppering stemme i høve til sin part etter § 3.

Ved skrifleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgjevne stemmer.

Likt stemmetal ved val blir avgjort med loddrekning. Ved stemmelikheit elles må dette søkjast løyst der elles må saka utsettast til saka finn si løysing. Veri dei ikkje einige, må dette løysast ved dei alminnelege domstolane.

Årsmøtet er vedtaksført når innkallinga har skjedd på lovleg måte.

Fleirtalsvedtak må ikkje påføre nokon medeigar eller brukar større kostnader og ulemper enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg skilnad på rettane til fleirtalet og mindretalet. Vedtaket må ivareta fellesskapets vel og ikkje gje urimelege fordelar til fleirtalet til skade for mindretalet. Medeigar eller brukar som meiner eit fleirtalsvedtak er i strid med desse vilkåra, kan bringe spørsmålet opp for rettsleg skjønn.

3. Årsmøtet skal:

- Velge møteleiar.*
- Velge protokollførar.*
- Godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste.*
- Velge to personar som saman med leiaren skal underskrive protokollen.*
- Behandle styret si årsmelding og den reviderte rekneskapen, arbeidsplan og budsjettforslag.*
- Behandle innkomne saker.*
- Velge leiar for to år.*
- Velge så mange styremedlemmer med vararepresentantar som står på val*
- Velge revisor med vararepresentantar for to år.*
- Vedta års- og tilknytingsavgifter, herunder avgift for brøyting.*
- Vedta retningslinjer for låssystem for sommar- og vinterbom, herunder retningslinjer for utdeling av bomnøklar.*
- Vedta retningslinjer for vedlikehaldet av vegen, herunder retningslinjer for innhenting av anbod på både sommar- og vintervedlikehald, og vilkår for tildeling av vedlikehaldsarbeidet.*
- Andre saker som er nemnde i innkallinga.*

4. Vidare kan årsmøtet m.a.:

- Delegere anna myndigheit til styret og evt. oppsynsmann.*
- Vedta opptak av nye medeigarar og dei økonomiske og formelle vilkår for dette.*
- Vedta endringar av vedtektene, jf. § 18.*
- Vedta større omleggingar/utbetringar, evt. nyanlegg av vegen.*
- Vedta tilsetjing av oppsynsmann, instruks og lønnsvilkår.*
- Vedta innkjøp av utstyr.*
- Vedta innbetaling av forskot.*
- Vedta å forsikre seg mot erstatningsansvar.*
- Vedta andre saker som vedkjem vegen.*

§ 7. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

KVS

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller representantar for 1/3 krev det. Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg årsmøte. Sakslista skal stå i innkallinga. Det kan berre bli gjort vedtak i dei saker som er nemnde i innkallinga.

Det skal førast protokoll for møtet. Protokollen skal underskrivast av leiaren og to personar valde på møtet.

§ 8. STYRET

1. Samansetjing

Laget blir leia av eit styre på to medlemer, med ein vararepresentant til kvar medlem. Styret settes sammen med ein representant frå grunneigarsida og ein representant frå hytteeigarane. Veglagets fyrste formann er ein representant frå hytteeigarane.

Styret er vedtaksført når minst to medlemer er til stades.

Ved økonomiske avgjerder skal kasserar vera til stades.

Styremøte skal haldast så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst to av styremedlemene krev det.

Styret vel sjølv kasserar og sekretær blant sine medlemmer, men kan velja denne utanfrå.

Styremedlemene blir valde for to år om gongen, men likevel slik at eitt medlem (etter loddrekning) står på val eitt år etter at det nye styret er konstituert. Styrets leiar velges for 2 år og skal vera vekselsvis frå grunneigarane og festere/hytteeigarar innan Andstorområdet.

Saker av mindre betydning, eller saker som må behandlast raskt (f.eks. tiltak i samband med teleløysing) kan avgjerast av leiaren åleine. Slike avgjersler skal refererast i fyrste styremøte.

2. Etter retningslinjer frå årsmøtet skal styret:

- *Arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding, revidert rekneskap og framlegg til budsjett og arbeidsplan for inneverande år.*
- *Leie drifta av vegen, setja bort arbeid, føre tilsyn med arbeid m.v. i samsvar med vedtektene, vedtak på årsmøtet og godkjent budsjett og arbeidsplan.*
- *Setja i gang mindre arbeid som må gjerast for å hindre skade på vegen og i den samanheng gjera nødvendig innkjøp.*
- *Kreve innbetaling av avgifter og vedtekne forskott.*
- *Sørge for ordna føring av rekneskapen og revisjon.*
- *Tilsette evt. vegoppsyn i samsvar med årsmøtevedtak.*
- *Sørge for forsvarleg vedlikehald, rydding av vegkantar, høvling og grusing, kontroll av stikkrenner/veggrøfter o.l.*
- *Lyse ut vinterbrøytinga, evt. sommarvedlikehaldet, og godta tilbod.*
- *Hindre ufornuftig bruk av vegen ved å regulere eller stoppe køyring i kortare eller lengre tid, f. eks. under teleløysing og i regnperioder.*
- *Nekte bruk av vegen ved manglande betaling.*
- *Nekte bruk av vegen for medeigarar/brukarar som ikkje retter seg etter vedtektene og gjeldande vedtak.*
- *Avtale særskild bruk mot særskild avgift, jf. § 11, pkt. 3.*
- *Avgjera spørsmål frå andre personar, foreningar o.l. om bruk av vegen.*
- *Vedta å melde laget inn i aktuelle register.*

- Gjennomføre andre saker som årsmøtet pålegg styret.

3. Protokoll

Det skal først møteprotokoll for styremøta. Protokollen skal vera tilgjengeleg for samtlige medlemmer.

§ 9. LEIAR

Leiaren i laget har ansvaret for og fullmakt til å melde laget inn i aktuelle og lovpålagde offentlege register.

§ 10. GRUNN TIL VEGEN

1. Veggrunn

Ved framtidige utbetringar av vegen, skal medeigarane vederlagsfritt stille grunn til disposisjon til veg, grøfter, møteplassar og snuplassar i h.h.t. evt. endringer av reguleringsplanen. Dette gjeld også nødvendige fyllmassar som må takast utanfor sjølve veglina. Bestemmelsen om at veglaget vederlagsfritt kan ta ut grus langs vegen er avgrensa til å gjelde for utmark (definisjon: friluftsl. § 1) og inntil 10 m frå vegen si midtline. Dersom nokon grunneigar slik må avstå særskilt mykje grunn, kan han likevel krevje godtgjersle for dette Anna areal enn nemnt ovanfor, skal likevel grunneigarane stille til disposisjon for veglaget mot godtgjersle. Dette gjeld berre for mindre omleggingar/utbetringar av vegen.

2. Godtgjersle

Krav om godtgjersle etter § 10.1 set ein fram for styret innan 2 - to - månader etter at arbeidet er ferdig.

3. Varsel

Styret er pliktig til å varsle aktuelle grunneigarar i rimeleg tid før vegarbeid nemnt ovanfor, blir sett i gang.

4. Grus

All grus som blir teke utanom 10 meter frå vegen si midtline - etter avtale med grunneigar - skal betalast etter vanlege satsar for sams masse i distriktet. Dette gjeld og om massa ligg innandfor ei tomt som er bortfesta.

§ 11. VEGAVGIFT

1.1 Årsavgift for barmarksesongen, jf. § 4, pkt. 1.

Årsmøtet fastset storleiken på avgifta, jf. § 6, pkt. 3. Eigarar av landbrukseigedommar og hytteeigarar som nyttar vegen og som betalar denne avgifta, skal ha nøkkel til sommarbommen, jfr dog §4,2 punkt.

1.2 Brøyteavgift, jf. § 4, pkt. 1 og 2.

Årsmøtet fastset storleiken på avgifta, jf. § 6, pkt. 3. Eigarar av landbrukseigedommar og hytteeigarar som nyttar vegen og som betalar denne avgifta for vinterbrøyting, skal ha nøkkel til vinterbommen, jfr dog §4,2 punkt. (Vinterbom ved brua over Begna.)

1.3 Andre brukarar av vegen.

Vegavgift for andre brukarar av vegen enn nemnd ovanfor vert i kvart tilfelle fastsett av årsmøtet, etter tilråding frå styret.

2. Tilknytningsavgift (gjeld for nye tomter/leiligheit som vert godkjent utover godkjent regplan av 24.6.2004.)

Grunneigarane har rett til å utstede vegrett mot at den nye festaren/eigaren svarer tilknytningsavgift til veglaget og deltek forholdsmessig i fremtidig vedlikehald.

Tilknytningsavgifta er ei eingongsavgift og gjev ingen andel i vegen. Vegeigar som sel/festar bort tomter, skal betale inn avgifta, jf. § 4. Årsmøtet fastset storleiken på avgifta, jf. § 6, pkt. 3.

3. Vesleåne har rett til å krevje refusjon på dei nye vegane som skal byggast. Dette gjelder overfor nye tomter i Andstorfeltet og tomter utanom Anstorfeltet. Veglaget skal ha refusjon på kr. 3.000,- for vegretter som er gitt for tomter utanom Anstorfeltet, indeksregulert.

3. Særskilt avgift

Nødvendig transport som må skje i periodar då styret har avgrensa bruken av vegen - jf. § 8, pkt. 2, kan avtalast mot særleg avgift og på særlege vilkår. Likeins kan det avtalast særskilt avgift for bruk av vegen i andre samanhengar. Leiaren i styret tek avgjerd om dette.

§ 12. BRUK AV VEGEN

Transport må ikkje skje når det kan vera fare for skade på vegbane, stikkrenner eller grøfter. Det er forbode å parkere i vegbana, i veggrofter og på møte- eller snuplassar.

Det er forbode å leggje tømmer eller anna trevirke inn i vegbanen, i veggrofter, på møte- eller snuplassar. Kvist og anna hogstavfall må straks fjernast frå slike stader. Det må visast spesiell varsemd ved nedbaring av bekker utanfor vegområdet.

Skade på vegbane og stikkrenner som skuldast transport, skogsdrift o.a skal utbetrast straks. Dersom utbetring ikkje skjer, vil § 13 bli gjort gjeldande.

§ 13. ANSVAR FOR SKADER

Alle som brukar vegen og som ikkje held seg til vedtektene eller rettar seg etter pålegg frå styret, er sjølv ansvarlege for skader dei slik påfører vegen. Dersom skader ikkje blir tilfredsstillande utbetra, kan styret få utført utbetringa for medeigaren/brukaren si rekning. Dette gjeld og skader på vegen som følge av vinterbrøytinga.

§ 14. OVER - OG UNDERSKOT

Veglaget skal ikkje ta inn større årlege avgifter enn det som er naudsynt til drift og vedlikehald av vegane i feltet.

Hytteieigarane skal betala kostnaden til både eventuell opprusting som vert vedteke og vedlikehald av vegen.

§ 15. INVESTERINGAR

Vedtekne investeringar skal utliknast på bruksberettigede i vegen. Vedtekne investeringar for å lette det årlege vedlikehaldsarbeidet på vegen, kan utliknast på alle eigedomar som brukar

vegen ved at årsavgifta blir auka i ein viss periode, f. eks. ein 5 årsperiode, med same differensiering som framgår i § 4.

Laget har ikkje høve til å ta opp lån.

16. TVISTAR.

Oppstår det tvistar mellom veglaget og medlemmene, mellom medlemmane innbyrdes om forståinga og gjennomføringa av desse vedtektene, eller usemje om skade på vegen som følge av vinterbruk, skal ein freiste å få tvisten avgjort med bindande verknad for alle partar av ei sakkunnig nemnd (voldgiftsrett) på tre medlemmer. Kvar av partane oppnevner si part og Sorenskriveren i Valdres oppnevner den 3.je som og er formann i nemnda. Kjem voldgiftsavtale ikkje i stand, må tvisten avgjerast av dei vanlege domstolar.

§ 17. UTMELDING

Det er ikkje høve til å melde seg ut av laget. Medeigarar som er opptekne etter § 3 siste avsnitt, kan likevel melde seg ut. Dei har i tilfelle ikkje krav på å få att betaling for andel eller del av veglaget sin formue.

§ 18. ENDRINGAR

For å endre desse bruksordningsreglane krevst 2/3 fleirtal av dei frammøtte, rekna etter andel, jf. § 3. Ved andre gongs behandling krevst likevel berre vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei frammøtte rekna etter andel. Vedtektsendring kan ikkje skje før 3 år etter at denne saka er rettskraftig med mindre det blir vedteke einstemmig.

Unnateke er §§ 2,3,14,17 og 18 som ikkje kan endrast.

Endring av § 3 kan berre gjerast ved vesentleg omlegging eller forlenging av vegen, bygging eller opptak av nye sidevegar og andre forhold som i vesentleg grad endrar føresetnadene for kostnadsfordelinga. Endringa skal i tilfelle vera i forhold til nytteverdien etter omlegginga. Dersom det ikkje blir semje om fordelinga, kan spørsmålet bringast inn for jordskifteretten etter jskl. § 4.

Gjort 10/3 06.

7/2 Gunnar Tove Nyheim / Knut Vidar Svannhild
7/1. Steinar Groie 4/16 Ole Anundsen
5-3 Helge Brundstad 7/8 og 9 Kersten Hermonstad Tom
5-4 Gud S. Kvale

ses
Arvid 16.3.06
Knut Arne Kluge